

Amatører med suksess

Amatørteater har lange tradisjonar på Jæren. Det var lokale revyar mellom anna på Bryne alt i mellomkrigstida, og lokale ungdomslag starta for over 80 år sidan å framføra spelstykke og sketsjar. Eit av dei mest aktive var Tunheim ungdomslag på Undheim.

Etter at Undheim samfunnshus vart ein realitet har denne tradisjonen vorte ført vidare på beste måte av Undheim revyteater. Fredag hadde ensemblet premiere på ein sjølv laga musikalkomedie, «Maestroens rose, og dømt etter omtalen og kommentarar frå publikum, vart det ein ny kjempesuksess.

Revyane på Jæren har som oftast vorte til som inntektsbringande tiltak til musikkorps, idrettslag og andre organisasjonar. Det er mange døme på at

Teatermiljøet på Undheim er nå i ferd med bokstaveleg tala å setja spor etter seg også utanfor «den grønna bygdå».

det ikkje er noko dårleg utgangspunkt for å laga gode revyar. Ikkje minst har Nærbø vorte eit slags lokalrevyens mekka der to ulike ensemble vekslar på å skapa stemning i Jadarheim.

Undheim revyteater

er likevel i ein særstilling, og har skapt eit unikt amatørteatermiljø. I løpet av dei 21 åra dei har eksistert, har dei gleda mange med sine årvisse oppsetjingar på Undheim samfunnshus. Ein velfortent heider vart Revyteateret indirekte til del då primus motor for miljøet på samfunnshuset på Undheim, Helge Lode, fekk Time kommunes kulturpris tidlegare i haust.

Teatermiljøet på Undheim er nå i ferd med bokstaveleg tala å setja spor etter seg også utanfor «den grønna bygdå». Ekteparet Iren og Frode Førland, samt Johanne Steinsland, tok i vår tok initiativet til «Unge spor». Dei er alle sentrale i teatermiljøet på Undheim.

«Unge spor» er av og for ungdommar, og har ca 40 medlemmer i alderen 15 til 23 år. Det var etter ungdomsrevyen «Maestro» i Storstova på Bryne ideen om ein fastare organisasjon for å utvikla scenekunstnarar frå Klepp, Time, Hå og Gjesdal, utvikla seg. «Unge spor» har ei målsetning om å setja opp minst ei framsyning årleg. For tida er medlemmene i innspurten med eit nytt show som skal ha premiere i Storstova i januar.

I tillegg til å spela teater, har dei også tid og evne til å marknadsføra seg. For ein måned sidan mottok dei ivrige ungdommane 100.000 kroner, 36.000 frå ein lokal bank og 64.000 frå overskotet av fjorårets interkommunale kultursamarbeid «Spor». Det viser at «Unge spor» er blitt lagt merke til og eit signal om at både næringsliv og politikarar har tru på prosjektet.

I tillegg til at pengane sikrar drifta neste år, må det vera ein flott inspirasjon for amatørteatermiljøet på Jæren til å utvikla seg vidare.

